



Busetting av flyktningar. Analyse av inntekter og kostnader 2021-2025 og evaluering av integreringsresultata.

Saksbehandlar:
Ingrid E. Tøsdal

Arkivsaksnr.:
25/24897

JournalpostID:
26/72443

Saksnr:	Utval:	Dato:
38/2026	Tenesteutvalet	01.09.2026
95/2026	Bjørnafjorden formannskap	03.09.2026
	Bjørnafjorden kommunestyre	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten "Busetting av flyktningar 2021-2025. Analyse av inntekter og kostnader. Evaluering av integreringsresultata." til orientering.
2. Kommunestyret legg rapporten til grunn som kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren vidareføra arbeidet med arbeidsinkludering, språkopplæring og stabile bustadløyisingar.

Bjørnafjorden, den 10.07.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

I kommunestyresak 04/2026 bad kommunestyret om ei samla økonomisk analyse av inntekter og kostnader knytte til busetting av flyktningar, samt ei evaluering av integreringsresultata.

Rapporten er utarbeidd av ei tverrfagleg arbeidsgruppe med deltakarar frå flyktingtenesta, Nav, vaksenopplæringa, Familiens hus, bustadkontoret og økonomiavdelinga.

Analysen viser at kommunen i perioden 2021–2025 har motteke om lag 320 millionar kroner i integreringstilskot og tilskot til norskopplæring. Samla berekna kostnader er om lag 257 millionar kroner. Rapporten viser dermed at inntektene overstig dei berekna meirkostnadane i integreringsperioden.

Rapporten understrekar samtidig at integrering er ein langsiktig prosess, og at enkelte behov og kostnader varer utover femårsperioden med integreringstilskot.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Vedtaket har ingen direkte økonomiske konsekvensar. Rapporten viser likevel at kommunen samla har hatt høgare inntekter enn berekna meirkostnadar i analyseperioden.

Klima: Ingen direkte konsekvensar for klima og miljø.

Folkehelse: God integrering, deltaking i arbeid og utdanning, stabile bustadforhold og sosial inkludering er viktige faktorar for folkehelse og livskvalitet.

Saksutgreiing:

Kommunestyret bestilte i sak 04/2026 ei grundig vurdering av dei økonomiske konsekvensane av busetting av flyktningar og ei evaluering av integreringsresultata i perioden 2020-2025.

Rapporten omfattar istaden perioden 2021–2025. Perioden er vald fordi innføringa av ny integreringslov frå 2021 gjer at åra 2021-2025 gjev eit meir samanliknbart datagrunnlag enn om året 2020 også skulle inkluderast.

Analysen byggjer på metodikk frå Teknisk berekningsutval (TBU), kombinert med lokale data og vurderingar.

Rapporten tek primært for seg meirkostnadar knytte til busetting og integrering. Ordinære kommunale tenester som barnehage, skule og helse- og omsorgstenester inngår i hovudsak ikkje som eigne flyktningskostnader men er istaden dekte gjennom dei frie inntektene til kommunen då kommunen får ordinært innbyggartilskot også for flyktningar.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at rapporten gir eit godt og balansert bilete av både økonomiske og integreringsfaglege forhold knytt til flyktningsarbeidet i kommunen.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Det mest sentrale funnet er at Bjørnafjorden kommune i analyseperioden har hatt høgare inntekter frå integreringstilskot enn berekna meirkostnader ved busetting og integrering av flyktningar. Samtidig må resultata tolkast i lys av lokale forhold, mellom anna at kommunen ikkje har busett einslege mindreårige flyktningar og i liten grad har teke imot personar med omfattande hjelpebehov. Samstundes viser KOSTRA-statistikk at Bjørnafjorden kommune på fleire område driv tenestene med lågare netto driftskostnader enn gjennomsnittet i kommunesektoren. Dette kan vera ein medverkande faktor til at dei berekna kostnadane i analysen ligg lågare enn det som kjem fram i TBU-rapporten.

Samtidig peikar rapporten på at fleire av berekningane er baserte på estimat og faglege vurderingar. Flyktningar nyttar ei rekkje ordinære kommunale tenester der det ikkje er mogleg å identifisera eller berekna den delen av kostnadane som gjeld personar med flyktningbakgrunn. Kommunedirektøren vurderer likevel at analysen gir eit godt bilete av hovudtrekka i inntekter, kostnader og ressursbruk knytte til busetting og integrering i kommunen

Rapporten viser at kommunen har lukkast med å gjennomføra ei omfattande busetting på kort tid, særleg etter krigen i Ukraina, samtidig som kommunen har bygd opp tenester og kapasitet for å følgja opp dei busette gjennom introduksjonsprogram, norskopplæring, Nav og andre kommunale tenester.

Sjølv om dei økonomiske resultata er positive, viser rapporten òg at enkelte innbyggjarar har behov for oppfølging etter at integreringstilskotet fell bort. Arbeid, språk og bustad framstår som dei viktigaste faktorane for varig inkludering. Kommunedirektøren vil understreka at den økonomiske analysen er vesentleg meir treffsikker enn evalueringa av integreringsresultata. Medan kommunen har relativt god oversikt over inntekter, kostnader og aktivitet i integreringsperioden, har kommunen avgrensa kunnskap om korleis det går med flyktningane etter at integreringstilskotet fell bort. Dette gjer at rapporten i større grad kan seia noko om resultat i dei første fem åra etter busetting enn om dei langsiktige integreringsresultata.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at rapporten svarar ut bestillinga frå kommunestyret i sak 04/2026.

Rapporten dokumenterer både økonomiske forhold og viktige erfaringar frå integreringsarbeidet i perioden 2021–2025. Han gir eit godt grunnlag for vidare politiske prioriteringar innan busetting og integrering og blir lagt fram til behandling i tenesteutvalet, formannskapet og kommunestyret.